



MELDING OM PERSONSKADE OG ARBEIDSRELATERT SYKDOM

Føremål og omfang

Prosedyren skal:

- Sikre at tilsette som vert skadd eller sjuk får dei rettar og støtteordningar som gjeld i samband med yrkesskade/yrkessjukdom.
- Sikre at vi følger opp erfaringar frå personskader eller arbeidsrelatert sjukdom, for å førebyggje gjentaking.
- Sikre at fylkeskommunen har oppdatert det lovpålagde registeret over skader og sjukdomar, jf. arbeidsmiljølova § 5-1.

Denne prosedyren gjeld ikkje vanleg sjukefråvær som ikkje har si årsak i forhold på arbeidsplassen.

Framgangsmåte

Kva skal meldast

- Alle skadar eller sjukdommar som ein reknar med har årsak i arbeidet eller forhold på arbeidsplassen skal meldast.
- Yrkesskadeforsikringa til fylkeskommunen dekker i nokre tilfelle skadar som oppstår på direkte veg til og frå arbeidsplassen. Slike hendingar må difor òg meldast.
- Nestenulykker skal meldast for å sikre at det snarast mogleg vert sett i verk tiltak for å førebyggje liknande ulukker - sjå eige avviksskjema for nestenulykke.

Kva som kan godkjennast som yrkessjukdom går fram av [forskrift om yrkessjukdommar](#).

NB! Frå 1. mars 2020 er også koronasmitte og Covid-19 tatt inn på lista over godkjende yrkessjukdomar.

Koronasmitte som mest sannsynleg har skjedd på arbeidsplassen, skal difor meldast i tråd med denne prosedyren.

Kven skal melde

Arbeidstakar

- skal, så snart han/ho er i stand til det, melde frå til næraste leiar om kva han/ho har vore utsett for. Slik melding kan skje munnleg på arbeidsplassen eller via telefon, sms, e-post eller annan tenleg måte. Dersom arbeidstakar ikkje er i stand til å melde frå, kan ein kollega eller den som hjelper arbeidstakaren til lege eller heim, informere arbeidsgjevar om kva som har skjedd.
- skal i utgangspunktet sjølv fyller ut dei naudsynte skjemaa. Det kan ofte vere tenleg at leiar eller kontorpersonell fyller ut og syter for korrekt innsending.
- skal samarbeide med arbeidsgivar (også når han/ho er sjukemeld) for å førebyggje fleire liknande skadar/yrkessjukdomar på arbeidsplassen.

Arbeidsgjevar



- skal melde skaden/sjukdomen til NAV, og til Arbeidstilsynet og politiet ved alvorleg skade eller dødsfall.
- skal følgje opp den tilsette etter behov, og syte for at skaden/sjukdomen vert meldt på rett måte dersom den tilsette ikkje gjer det sjølv.
- skal sette i verk tiltak for å hindre gjentaking av hendinga.

Kvar skal det meldast

Når tilsette vert skadd eller sjuk skal han/ho eller leiar, så snart som mogleg, melde frå på følgjande måtar:

1. Sjølv hendinga skal du melde i [Kvalitetssystemet](#), som avvik av typen "Personskade, yrkessjukdom". Du skal ikkje registrere helseopplysningar i avviksmeldinga, berre hendinga og eventuelt føreslå tiltak. Avviksmeldinga vil automatisk bli sendt til næraste overordna.
2. Dersom skaden/sjukdomen fører til medisinsk behandling eller sjukefråvær, skal arbeidsgjevar melde på eige elektronisk skjema til NAV. Skjemaet finn du på www.nav.no. Skriv «yrkesskade» i søkefeltet, så finn du lett skjemaet [«Melding om yrkesskade eller yrkessjukdom» \(nr. 13-07.05\)](#). Syt for at du får ein kopi av meldinga for lagring i personalmappa. NB! Ved skade mot hovud skal det alltid meldast til NAV, sjølv om det i første omgang ikkje er naudsynt med behandling eller sjukefråvær. (Næraste leiar registrerer eventuelt sjukefråvær i Visma Enterprise Plus og følgjer opp fråværet på vanleg måte).
3. Dersom skaden/sjukdomen medfører utgifter til behandling eller til sjukefråvær, skal du melde frå til Vestland fylkeskommune sitt [forsikringsselskap](#).
4. Ved alvorleg skade skal arbeidsgivar melde hendinga til Arbeidstilsynet, først på telefon 73 19 97 00, deretter på elektronisk skjema på www.arbeidstilsynet.no. Som alvorleg skade vert mellom anna rekna hovudskade med tap av bevisstheit, beinbrot og tap av kroppsdel. Detaljert liste over alvorlege skader finn du [her](#). Ved alvorleg skade eller ulykker/nestenulykker som kan innebære straffbare forhold skal einingsleiar melde frå til politiet. Fylkesdirektør skal ha informasjon om saker som vert meldt til politiet. Fylkesdirektør har ansvar for å informere fylkesrådmannen.
5. Ved mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme eller anna utilbørleg åtferd kan det vere aktuelt å varsle om hendinga. Sjå dokument om
 - a) [Varsling i Vestland fylkeskommune](#)
 - b) [Mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme](#)

Ansvar og mynde

Alle leiarar med personalansvar har ansvar for å gjere prosedyren kjend og syte for at den vert følgd.

Alle tilsette i Vestland fylkeskommune skal kjenne til prosedyren og har ansvar for å bruke den.

Oppfølging



Personskadar og nestenulykker skal rapporterast til arbeidsmiljøutvalet i Vestland fylkeskommune, i tillegg til dei lokale arbeidsmiljøutval. Einingssleiar syter for at slik rapport vert henta ut frå kvalitetssystemet til VLFK.

Linjeleiinga skal kunne rapportere om personskadar og arbeidsrelatert sjukdom på førespurnad frå overordna eller ekstern tilsynsstyresmakt som til dømes Arbeidstilsynet.

Verneombod skal ha innsyn i register for skader og sjukdommar ([AML §6-2. 5. ledd](#)). Ved alvorlege skader skal verneombod ha informasjon.

Referanse

Helsedirektoratet har oppretta ei nettside – www.helfo.no – der du kan finne meir informasjon om [rettar ved yrkesskade](#).

Relatert til

[Avviksrapportar til lokalt AMU](#)

Melding om personskade og arbeidsrelatert sjukdom

Felter

- Føremål og omfang
- Framgangsmåte
Ansvar og mynde
Oppfølging
Referanse
- Andre eHåndboksdokument